



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Dombås hotell
Dato: 3.-4. februar, 2020

Påmelding:

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre				
Lesja	Liv Enstad	X	Einar Utgaard	
Lom	Jon Sjurgard	X	Sigrun Garmo	
Luster	Eli Merete Hansen Moen	X	Arne Hauge	
Fjord	John Helge Larsen	X	Monika Tettli	X
Rauma	Ingunn Svelle Heinåli		Arne Hoem	X
Skjåk	Randi Rust	X	Thorstein Åmodt	
Stranda	Steinar Aanning		Torill Ansnes	
Stryn	Johan Berge	X	Karoline Hatledal	
Vågå	Pål Grev	X	Karola Wenzel	
FM-MR	Astrid Buset	X		
Sekretær	Tor Taraldsrud	X		

Innhald

2. Godkjenning og innkalling av sakliste	2
3. Referatsaker	2
4. Konstituering av villreinnemnda	2
5. Drøfting av sekretariatsordning og rutinar for drift av nemnda	2
6. Møteplan 2020	3
7. Høyring av plan for rehabilitering av dammen på Veldalsvatnet, Skjåk kommune	3
8. Skridulaupbu i Breheimen, Skjåk - Søknad frå DNT Oslo og Omegn om vedlikehald og utviding	5
9. Høyring – kvalitetsnorm for villrein	9
10. Eventuelt	10

Sakliste:

2. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste
Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste. Samrøystes.

3. Referatsaker

Sak 1-20: Høringsuttale – vinterøving Reinheimen – forsvaret - 16 jan – 5 feb

Generelt er det ikkje ynskjeleg å gjennomføre øving i eller i nærleiken av område der registreringar syner at ein kan treffe på villrein. Villreinforvaltninga kan gjerne bidra på eit tidlegare trinn i planlegging av øving for å styre aktiviteten vekk frå villreinområde, eller slik at vi kan kome med forslag til ruter i mindre sårbare områder som normalt ikkje har villrein på den tida øvinga skjer. Tidsrama for handsaming av søknaden er for liten til at villreinnemnda får handsama dette på ein god måte. Det burde vore laga ein plan for øvingsaktiviteten i samarbeid mellom forsvaret, villreinforvaltninga og vernemynde. Ei god plan kunne og vore brukt på eit eventuelt seinare tidspunkt. Utan ein slik plan bør aktiviteten bli avlyst eller fløtt utanom vårt villreinområde.

Vi er redd for at dette området blir etablert som eit øvingsområde for forsvaret sin aktivitet. Det er svært uheldig at slik aktivitet blir lagt i dei mest sentrale villreinområda i Reinheimen.

Det er naturleg å trekke parallell til handsaming av Skjåk RKH sin øvingsaktivitet (søknad vinteren 2018). Dei fekk avslag frå Reinheimen nasjonalparkstyre til øving på ruta: Aursjoen-Leirungsvatnet-Lesjagrensa-Sveinbu-Aursjoen. Vedtaket vart påklaga til Miljødirektoratet. Dei stadfesta nasjonalparkstyret sitt vedtak. Villreinnemnda hadde fylgjande uttale til den ruta i 2018: *Denne ruta går tvers igjennom kjerneområdet til villrein i Reinheimen. Det er ikkje ynskjeleg med øving her. Deler av dette området var også vurdert som øvingsområde av hjelpekorpsene i Lesja og Dovre i 2015. Villreinnemnda uttrykte da også skepsis til øving i dette området.*

Primært tykkjer vi øvinga skulle vore lagt utanom villreinområdet. Om det ikkje er mogleg å endre det på kort varsel, er det kanskje mogleg å fløtte lengre vest? T.d. Hamsedalen? Dette er eit område med mindre sannsyn for å treffe villrein og i eit område der ein frå før har noko meir ferdsel.

Vedtak: Referatsakene er tekne til orientering. Samrøystes.

4. Konstituering av villreinnemnda

Vedtak: Leiar: Johan Berge. Samrøystes.
Nestleiar: Randi Rust. Samrøystes.
Arbeidsutval: Leiar, nestleiar og medlem frå aktuell kommune.
Samrøystes.

5. Drøfting av sekretariatsordning og rutinar for drift av nemnda

Innstilling: Fortsette same ordning som førre periode.
Vedtak: Fortsette same ordning som førre periode. Samrøystes.

6. Møteplan 2020

- Innstilling:** 24.-25. april, årsmøte saman med villreinutvalet.
Rauma eller Otta. Avhengig av føredragshaldar på fagtema
Fagtema: Fotråde hjå villrein
- Vedtak:** 24.-25. april, årsmøte saman med villreinutvalet.
Rauma eller Otta. Avhengig av føredragshaldar på fagtema
Fagtema: Fotråde hjå villrein
Tar att møteplan under møtet i april der ein vil prøve å få fastsett datoar og ynskjelege vekedagar for møte.
Samrøystes.

7. Høyring av plan for rehabilitering av dammen på Veltdalsvatnet, Skjåk kommune

Avgrensa høyring av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Dam Veltdalsvatn i Skjåk kommune, Innlandet fylke.

Rehabiliteringa av Dam Veltdalsvatn er heimla i Tillatelse til å foreta en ytterligere regulering av Heimste Veltdalsvatn i Tafjordvassdraget, jf Kgl res av 9.7.1942. Bygging av anlegget er underlagt offentlig tilsyn. Tilsynet vert utøvd av NVE og jfr. post 15 i konsesjonen skal NVE godkjenne detaljplan for miljø og landskap før arbeida kan ta til.

NVE fører tilsyn med at arbeida førgår i samsvar med vilkåra i konsesjonen, godkjend detaljplan, og at anleggsområda vert sette i stand og rydda forsvarleg opp. NVE vil gjennomføre tilsyn undervegs i byggjefasen og for å kontrollere at sluttresultatet er i samsvar med konsesjon og godkjend detaljplan.

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgivinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnateken byggesakhandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal verte avklara i forhold til kommuneplanens arealdel eller eventuelle gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på Miljøverndepartementets kommentar til plan- og bygningslov § 19.2 der departementet konkluderer med at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stade for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova.

Arbeidet som no skal gjennomførast omfattar utbetring/opprusting av etablert damanlegg og i liten grad endra arealbruk. Detaljplanen for miljø og landskap vert med dette sendt på ei avgrensa høyring til Skjåk kommune, Fjord kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Innlandet, Møre og Romsdal fylkeskommune og Innlandet fylkeskommune. Konsesjonæren har ansvaret for å avklare privatrettslege forhold med grunneigarar før arbeida kan ta til.

Merknader til planen må være NVE i hende innan 10.2.2020. Send gjerne via e-post nve@nve.no.

Utvalde opplysningar frå planen:

- Planlagt oppstart av anleggsarbeida i månadsskifte juni/juli 2020 dersom snøforholda tillet det. Arbeidet skal vere ferdig seinast 01.10.20.
- Maskinene som skal nyttast vil truleg bli flogne inn og plassert i nærleiken av dammen der arbeidet blir utført, og vil så bli flogne ut att. Det er difor ikkje behov for at anleggsmaskinene skal flytte seg over større avstandar.
- Sidan anlegget ligg langt til fjells vil transport av mannskap, utstyr og materiale skje med helikopter. Helikoptertransporten vil i all hovudsak gå mellom TKP sin parkeringsplass ved enden av vegen ved Zakariasvatnet opp til Veltdalsvatnet.
- Det er planlagt at alt avfall skal transporterast bort frå område. Entreprenør skal utarbeide avfallsplan.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

4

Vurdering:

Området rundt Veltdalsvatnet er i NINA-rapport 643 registrert som barmarksbeite for villrein. Dei siste åra har det vore lite med villreinobservasjonar i dette området.

Villrein er generelt meist robust mot forstyrring på hausten. I vinterbeiteområder og kalvingsområder bør ein unngå forstyrring. For villrein vil det ha minst konsekvensar med anleggsarbeid i perioden juli – oktober. Dette er truleg og den perioden da det kan vere snøfritt og forholda ligg til rette for anleggsarbeid.

Villrein i Reinheimen-Breheimen har avgrensa arealbruk. Det er ynskjeleg at den i større grad tek i bruk gamle leveområder. Av den grunn er villrein som eventuelt skulle opphalde seg i nærleiken av Veltdalsvatnet verdifull. Dersom det blir oppdaga villrein i nærleiken av anleggsområdet er det viktig med avbøtande tiltak for å unngå å skremme reinen unødig. Aktuelle avbøtande tiltak er til dømes midlertidig stans i anleggsarbeidet.

Villreinnemnda ynskjer at det blir oppretta eit nært samarbeid mellom villreininteressene og Tafjord Kraftproduksjon AS i anleggsfasa med varslingsrutinar om villrein i området. Det er normalt Reinheimen-Breheimen villreinutval v/ Knut Granum (tlf: 91795303) som til ein kvar tid har best oversikt over villreinen sin arealbruk.

Innstilling: Innføre varslingsrutinar om villrein i området mellom Tafjord Kraftproduksjon AS og Reinheimen-Breheimen villreinutval v/ Knut Granum (tlf: 91795303). Det skal bli gjennomført avbøtande tiltak som til dømes midlertidig stans i anleggsarbeidet dersom det blir oppdaga villrein i nærleiken av anleggsområdet.

Vedtak: Innføre varslingsrutinar om villrein i området mellom Tafjord Kraftproduksjon AS og Reinheimen-Breheimen villreinutval v/ Knut Granum (tlf: 91795303). Det skal bli gjennomført avbøtande tiltak som til dømes midlertidig stans i anleggsarbeidet dersom det blir oppdaga villrein i nærleiken av anleggsområdet. Samrøystes.

8. Skridulaupbu i Breheimen, Skjåk - Søknad frå DNT Oslo og Omegn om vedlikehald og utviding

Søknad frå DNT Oslo og Omegn:

DNT Oslo og Omegn eier og driver selvbetjeningshytta Skridulaupbu. Vi har sendt søknad om samtykke fra grunneier Skjåk Almenning der saken gjøres rede for med tekst og tegning. Almenningen har svart at de ser behovet, og samtykker i planene for vedlikehold, men vil ha søknaden om utvidelse vurdert av villreinutvalget og -nemda før behandling i styret. Vi ber om dette.

Som det fremkommer i brevet til Skjåk Almenning er det svært beskjeden trafikk på hytta.

Besøksprotokollen viser:

	Vinter (midten av oktober til midten av juni)	Sommer (midten av juni til midten av oktober)
2015	0	46
2016	10	49
2017	2	26
2018	14	45

I protokollen registreres tidligere, og neste overnattingsplass. Denne viser at trafikken hovedsakelig er mellom Grotli og Sota. Etter hva vi forstår er dette utenfor det som normalt er kalvingsområde.

Vi regner ikke med vesentlig økning i trafikken til Skridulaupbu som følge av omsøkt tiltak med dobling av antallet senger. Men vi vil gi et bedre tilbud til de få som kommer. Enten det er allergikere, eller folk med hund skal de møte en hytte i forventet DNT standard.

For ytterlige opplysninger og spørsmål ta kontakt.

Med vennlig hilsen

Thomas With – Bygningsansvarlig selvbetjeningshytter
976 13 400

Søknad frå DNT om samtykke frå grunneigar:

Viser til telefonsamtale for noen dager siden i samme sak. Det er behov for vedlikehold og ombygging av hytta. Teknisk er det tilbygget mot vest som er største problemet, samt at hytta er liten og uhensiktsmessig som overnattingsstilbud. Omsøkt tiltak går ut på å rive tilbygget og integrere denne funksjonen i nytt tilbygg på andre enden av hytta. Samtidig ønsker vi en utvidelse med køyer og hundebur for å dekke behov for dem med hund.

Antallet overnattinger er beskjedent med 26 i 2017 og 59 i 2018. Vi mener de lave besøkstillene reflekterer beliggenheten i et lite besøkt område. Trafikken blir uansett ikke stor på denne hytta, men vi håper å gi de som kommer et bedre tilbud enn dagens.

Eksisterende hytte har 4 x 4 meter oppholdsrom i tømmer med senger, vedovn og kjøkken. Mot øst er det vindfang i reisverk og mot vest er det tilbygg med lagerfunksjon. Byggeåret er 1950.



Gavlvegg mot vest med tilbygget vi vil rive.



Køyesenger inn mot den skadde vestveggen.



Befaring sommer 2019.



Overfylt oppholdsrom.

Omsøkt tiltak går blant annet ut på å rive tilbygget mot vest som i dag er lager for ved og mat. Dette fungerer dårlig da snøen på taket av tilbygget ligger og demmer opp for vann som tiner inne ved tømmerveggen om våren og renner inn gjennom tømmerveggen. Sengene blir våte og tømmeret råtner. Vi vil derfor flytte mat- og vedlager til nytt tilbygg på østsiden av hytta.

Nytt tilbygg i tømmer er planlagt med oppholdsrom for eier med hund i bur i eget oppvarmet oppholdsrom skjermet for allergikere. Midtpartiet mellom ny og gammel laftekasse planlegges som vindfang og lagerfunksjoner. Hele hytta får nytt sammenhengende tak tekket med takbord i tre. Utvendig kledning blir brunbeiset som eksisterende.

Brannsikkerheten ivaretas med våre rutiner, samt at sikringshytte tilhørende Skjåk Almenning er tilgjengelig like i nærheten. Vi håper å kunne løse dette gjensidig med knusbar nøkkelboks på yttervegg.

Vi mener at omsøkt tiltak vil sikre hytta nye leveår, muliggjøre bedre orden og hygiene, og gi et tilbud om overnatting med hund, skjermet fra allergikere.

Svar på søknad om utviding av Skridulaupbu frå Skjåk Almenning

DNT Oslo og Omegn søker Skjåk Almenning om samtykke til å utvide Skridulaupbu i Raudalen. Søknad er datert 12.12.2019. Det er grunngeve behov for vedlikehald og ombygging av hytta da dagens løysing

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7

er lite hensiktsmessig som overnattingstilbod. I 2017 var det 26 overnattingar i Skridulaupbua mot 59 i 2018.

Hytta er bygd i 1950 og består av 3 rom. Opphaldsrommet som er 16 m² stort, vindfang mot aust som er 5 m² stor og tilbygg i vest for lager av mat og ved som er 8 m² stort. Dette utgjør eit samla areal på 29 m². Av søknaden går det fram at tilbygget i vest skal rivast da det demmer opp for vatn mot tømmerveggen. Vidare er det planlagt eit nybygg på 21 m². Med det gamle bygget i tillegg, vil hytta få eit samla areal på 42 m². Med tiltaket vil ein altså utvide arealet med 13 m².

Nybygget skal laftast og er tenkt som nytt lager og eige opphaldsrom for besøkande med hund. Her er det planlagt å utvide overnattingstilbodet med to køyesenger. Heile hytta vil få eit nytt samanhengande tak med takbord av tre. Utvendig skal hytta brunbeisast som eksisterande bygg.

Søker meiner at tiltaket ikkje vil føre til stor trafikkauke, men heller sikre hytta nye leveår, gjeve betre orden, hygiene og eit betre tilbod for overnatting med hund skjerma frå allergikarar.

Til slutt ynskjer DNT å få tilgang til Raudalsbua, eigd av Skjåk Almenning, som sikringsbu. Dette vil i så fall bli eit gjensidig tilbod for Skjåk Almenning.

Vurdering

Skjåk Almenning vil fyrst uttrykkje at DNT har utarbeidd gode skisser for tiltaket. Det er også planlagt ei god løysing for nye romfunksjonar. Skjønnsmessig stiller vi oss derfor positive til vedlikehaldet og ombygginga for Skridulaupbua. Vi er godt kjende med behovet for vedlikehald, særleg knytt til problematikk med fukt, råte og uynskte smågnagarar. I så måte gjev Skjåk Almenning samtykke til vedlikehaldsarbeid for bua. Også løysninga med Raudalsbua som sikringsbu skal kunne ordnast på ein enkel måte. Dette går vi nærare i dialog om og får til ei avtale på.

Ei eventuell utviding som skissert vil auke arealet til hytta med 13 m² og to køyesenger. Overnattingskapasiteten vil dermed doble seg i forhold til dagens løysing. Området mellom Sunndalen og Raudalsvatnet er eit av områda i Breheimen med minst menneskeleg påverknad og ferdsel. Dette gjer området til ei viktig kjerne for villrein, både for opphald og ferdsel. Området rundt Leirvatna er ei heilt avgjerande ferdselsåre for villreinen mellom dalføra. Auka menneskeleg ferdsel vil i verste fall kunne føre til at reinen sluttar å krysse dalføret og dermed snevrar inn leveområdet. Liknande tilfelle er kjent både i Skjåk og Rondane.

Skjåk Almenning vil derfor be DNT om å innhente uttalar frå Villreinnemnda og Villreirutvalet for Reinheimen-Breheimen før styret behandlar saken om samtykke til utviding. Kopi av uttalene skal sendast til Skjåk Almenning.

Sekretær for villreinnemnda er Tor Taraldsrud; Moavegen 30, 2690 Skjåk. Tlf: 481 90 145. E-post: tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Sekretær villreirutvalget er Knut Granum, 2690 Skjåk. Tlf: 917 95 303. E-post: post@knutgranum.no

Beste helsing

Kristen Haugen Dagsgard

Skjåk Almenning

Telefon: 61 21 39 00 / 45 47 36 83

E-post: kristen@skjak-almemming.no

Nemnda si vurdering:

Denne saka har parallellar til andre saker som villreinnemnda har handsama tidlegare:

- Uttale til søknad om å etablere DNT-hytte ved Sunndalssetra i Stryn i sak 18-16.
- Klage på vedtak om løyve til etablere DNT-hytte frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i sak 31-16. Miljødirektoratet ga klagarane medhald. Løyve til å etablere DNT-hytte ved Sunndalssetra vart omgjort.
- Remerking av den gamle ferdselsvegen over Kamperhamrane frå Stryn til Skjåk i sak 29-12

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

8

- Påbygg på nauset i Veltdalen til hundehus – førebels attendemelding ih omsyn til villrein – sak 26-19.

DNT-stigen mellom Grotli – Skridulaupbu – Slæom går stort sett gjennom heilårsbeite for villrein jf NINA-rapp 643. Frå stigdele mellom yste og nedre Leirvatnet går det merka historisk vandrerute over til Sunndalen i Stryn. Både på aust- og vestsida av yste Leirvatnet er det viktige trekkområder for villrein. Dette er heilt avgjerande for villreinen sin ferdsel mellom dalføra. Mellom Skridulaupbu og Grotli er det både kalvingsområde og viktige vinterbeiteområder. Rauddalen er eit sentralt område for villrein og blir brukt regelmessig i sumarhalvåret. Den beiter mykje i dalbotnen i dette området. Bratte dalsider og høge fjell rundt gjer dalbotn her spesielt verdifull. Området mellom Sunndalen og Raudalsvatnet er eit av områda i Breheimen med minst menneskeleg påverknad og ferdsel.

Dersom ein aukar overnattingskapasiteten ved Skridulaupbu er vi redd for at dette kan føre til auka ferdsel på desse strekningane. Det vil føre til fleire møte mellom villrein og menneske og dermed auka energibruk hos villrein. I verste fall kan det føre til at reinen sluttar å krysse dalføret og dermed snevrrar inn leveområdet.

Det er tilrettelagt for skikøyring og langrennsløyper i tilknytning til Tystigbreen. I området sør for Grotli er det mange hytter, skiløyper og turløyper. I og med at arealbruken i desse områda er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet er det viktig å skjerme andre delar av leveområdet til villrein på sørvestområdet.

Når det gjeld tilrettelegging for dei som ferdist med hund har vi dessverre erfart at bandtvangen ikkje i stor nok grad blir respektert andre plassar i vårt villreinområde. Vi er derfor noko skeptiske til å legge til rette for fleire med hund langs med turstigane i Breheimen.

Vi ser behovet for vedlikehald / ombygging med tanke på råte/vasskade og er positive til dette om det kan bli gjort utan at det fører med seg kapasitetsauke.

Positivt at Rauddalsbu blir brukt som sikringsbu.

Innstilling: Vi ynskjer ikkje at det blir gjeve løyve til kapasitetsauke og tilrettelegging for eigar med hund ved Skridulaupbu.

Vedtak: Vi ynskjer ikkje at det blir gjeve løyve til kapasitetsauke og tilrettelegging for eigar med hund ved Skridulaupbu. Samrøystes.

9. Høyring – kvalitetsnorm for villrein

Etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet sender Miljødirektoratet forslag til kvalitetsnorm for villrein på høyring. Uttale til Miljødirektoratet innan 2.mars 2020.

Forslaget om ein kvalitetsnorm for villrein bygger på faglege råd frå ei uavhengig og bredt samansett ekspertgruppe, sett ned av Miljødirektoratet. Resultatet av gruppa sitt arbeid er presentert i NINA Rapport 1400: [Miljøkvalitetsnorm for villrein. Forslag fra en ekspertgruppe](#). Med bakgrunn i rapporten har Miljødirektoratet utarbeida eit høyringsnotat. Aktuelle dokument i saka finn ein [her](#).

Ved å etablere ei kvalitetsnorm skal det bli enklare å peike ut kvar ein må setje inn «støtet» for å sikre leveområda for villreinen. Ei sentral problemstilling er korleis ein skal handtere «bit for bit»-utbyggingane som sakte, men sikkert øydelegg livsgrunnlaget for fleire villreinstammer. Klima- og miljøminister Ola Elvestuen (V) viser til at Noreg både har eit nasjonalt og eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen, altså syte for tilstrekkelege og gode leveområde.

Det er hensiktsmessig å koordinere vår uttale med uttale frå villreinnrådet: jf e-post frå villreinnrådet 08.12.19:

Når det gjelder forslag til miljøkvalitetsnorm for villrein, så håper jeg at alle områdene har fått denne på høring fra Klima - og Miljødepartementet. Hvis dere ikke har det, så kan dere se denne nyhetssaken på villrein.no: <https://www.villrein.no/aktuelt/kvalitetsnorm-p-hring>. Høringsfristen er 2. mars. Denne saken er av stor betydning og her bør vi nok alle på banen. Styret i Villreinnrådet har bedt om - og fått et møte med Miljødirektoratet om dette, i Trondheim den 30. januar. I etterkant av møtet kommer styret til å utarbeide et utkast til høringssvar som vil sendes dere i nemnder og utvalg for kommentar - før den endelige uttalelsen sendes departementet. På den måten håper vi at alle områdene får en enkel anledning til å komme med sine kommentarer, selv om man kanskje ikke sender sine egne høyringsuttalelser.

*Hilsen Christian Hillmann
Sekretær for styret i Villreinnrådet*

Innstilling: Koordinere vår uttale med uttale frå villreinnrådet og villreirutvalet. Saka blir sendt ut på e-post i løpet av februar.

Vedtak: Koordinere vår uttale med uttale frå villreinnrådet og villreirutvalet. Saka blir sendt ut på e-post i løpet av februar. Samrøystes.


Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

10

10. Eventuelt

Vedtak: Ingen andre saker. Samrøystes.

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær

Protokoll blir sendt ut til:

Medlemmar og varamedlemmar av villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen
Miljødirektoratet
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Innlandet og Vestland
Breheimen, Reinheimen og Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre. Verneområdestyret for
Geiranger-Herdalen.
Kommunar innan villreinområdet.
Reinheimen-Breheimen villreinutval.